

## Slik søker du om produksjonstilskott – retteleing for søkarar

Oppdatert: 01.02.22

[Gå hit for å opprette brukar for "Min side" og for å finne søknadsskjema.](#)

### Autentisere og logge på

#### Første gong du loggar på

For å ta i bruk «Min side» må du aktivere brukaren din. Første gong du loggar på gjer du følgjande:

1. Du får ein e-post med invitasjon til «Min side»
2. Klikk på lenka i e-posten for å stadfeste brukaren din. For ettertid vil det vere følgjande adresse til «Min side»: <https://medietilsynet.force.com>. Det er lurt å lagre denne som bokmerke eller *Favoritt* i nettlesaren din.

Passord opprettar du første gong du skal logge inn. Når passord er oppretta, vil du få melding om å skrive inn ein sikkerheitskode. Denne vil bli sendt på den e-postadressa du er registrert med hos Medietilsynet.

OBS! dersom du ikkje mottar e-posten med koden, kan det vere lurt å sjekke spam-filteret ditt.

#### For framtidige påloggingar til «Min side»

1. Gå til <https://medietilsynet.force.com>
2. Skriv inn e-post adressa ditt (brukarnamn) og passordet du sjølv har laga
3. Du får tilsendt ein sikkerheitskode på e-post. Skriv inn den 6-sifra koden. Trykk «Neste»
4. Du er nå logga inn på «Min side»

Du vil få tilsendt ein ny sikkerheitskode kvar gong du skal logge deg på «Min side».

## Fyll inn søknad

1. Klikk på: «Støtte- og tilskuddsordninger»
2. Vel: «Produksjonstilskudd for aviser»
3. Vel: «Søk tilskudd» til høyre på sida.
4. Vel: «Produksjonstilskudd» og «Neste» i boksen som kjem til syne.

Ein ny søknad opnar seg:

5. Så framt alle obligatoriske felt er fylt ut, kan du når som helst trykke «Lagre» nedst i søknaden. Informasjonen du har fylt inn blir verande til neste gong du loggar på.
6. Fyll ut all nødvendig informasjon i skjemaet. Det finst hjelpetekstar for kvart punkt. Desse blir synlege ved å halde musépeikaren over «i» ved kvart spørsmål.
7. Du treng berre fylle inn rekneskapstal for i fjor/siste år. Vi bruker tidlegare innsendt informasjon når vi behandlar søknaden.
8. Når du er har fylt ut alle obligatoriske felt og er klar til å sende inn søknaden, må du huke av «Søknad klar til å oversende til revisor?» i siste nedtrekksmeny og deretter klikke «Lagre».
9. Søknaden blir nå sendt til revisor som er registrert på avisa di. Du vil få tilbakemelding på e-post.

*Hvis du søker om tilskott for eit nyetablert medium, ber vi om at du sender oss ti ulike nummer frå i fjor per post. Dersom mediet er ei kontinuerleg oppdatert nettside, ber vi om at to fulle vekeproduksjonar frå i fjor blir gjort tilgjengelege for Medietilsynet per e-post til [produksjonstilskudd@medietilsynet.no](mailto:produksjonstilskudd@medietilsynet.no).*

*Nye søkarar vil få besøk av opplagskontrollen i Mediebedriftenes Landsforening (MBL) for blant anna å kontrollere opplaget i fjor. Du vil bli kontakta for å avtale tidspunkt for kontrollen.*

### Revisorgjennomgang

Når du har sendt inn søknaden blir den vidare sendt til revisor. Du får ein e-post når søknaden er revidert, med tilbakemelding om den er godkjent eller ikkje. Dersom søknaden ikkje er godkjent av revisor, må du endre søknaden slik revisor beskriv i sin gjennomgang, og sende inn på nytt.

Når søknaden er endeleg godkjent av revisor, blir den saksbehandla i Medietilsynet. Ein e-post med all informasjon på saka blir automatisk sendt til deg.

**Godkjent / ikke godkjent**

Medietilsynet gjennomgår søknaden, og du får tilbakemelding på e-post og på «Min side» om søknaden er innvilga eller avslått.

**Rettleiing om tillate utbytte til medium som får produksjonstilskott** finner du her:

<https://www.medietilsynet.no/globalassets/veiledninger/190415-veiledning-om-tillatt-utbytte-til-medier-som-mottar-produksjonstilskudd-9.pdf>

Har du spørsmål? Kontakt oss på

[produksjonstilskudd@medietilsynet.no](mailto:produksjonstilskudd@medietilsynet.no) eller 69 30 12 00.